

Fedje kommune  
Stormarkvegen 49  
5947 FEDJE

Dato: 29.05.2017  
Vår ref.: 2016/4128-3  
Saksbehandlar: rolrose  
Dykkar ref.:

## Båtrute Hellesøy-Fedje.

Me syner til tidlegare korrespondanse mellom Fedje kommune og Hordaland fylkeskommune ved Skyss om prosjekt båtrute mellom Øygarden og Fedje.

Eksisterande båtrute mellom Hellesøy og Hernar vert operert av Gulen Skyss gjennom ein nettokontrakt med Skyss. Dette tyder at Gulen Skyss sjølv er ansvarleg for billettering/inntekter og informasjon/marknadsføring. Hordaland fylkeskommune har løyvd pengar til ei prøveordning med forlenging av båtruta under føresetnad om at dei involverte kommunane også sjølv bidreg. Bestilling av ruta hos Gulen Skyss vert gjort av dei involverte partane, ikkje av Skyss.

Konklusjonen frå Samferdselavdelinga i Hordaland fylkeskommune er såleis at Fedje kommune saman med dei andre partane og Gulen Skyss sjølv må komme fram til korleis ein ønsker å prissette og ta betalt for ruta og også korleis ein skal informere om og marknadsføre tilbodet.

Ønsket om ein kombinasjonsbillettt buss/båt kan ein ikkje imøtekomme. Av ressursmessige grunner har Skyss i svært liten grad høve til å «pakke» ulike tilbod saman med offentleg kollektivtrafikk. Ein får mange slike førespurnadar, men må stille krav om eit visst volum før dette lar seg gjere. Slik vi tidlegare har formidla, vert det neppe snakk om store summar i det aktuelle prøveopplegget, og Skyss har såleis ikkje høve til å gi særlege tilbod eller utforme eigne løysingar knytt til prosjektet. Bussbillettt må såleis kjøpast særskilt av dei reisande, på ordinær måte.

Løysinga skissert i e-post frå dykk 16. mai er derfor ikkje mogleg å gjennomføre.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*